

Eksamen

11.11.2020

HES2001 Helsefremjande arbeid / Helsefremmende arbeid

Programområde: Helseservicefag

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Kandidaten viser fagleg kunnskap, ferdigheiter og haldningar i arbeidet i tråd med kompetansemålet i yrket kandidaten har valt. Kandidaten skal grunngje og reflektere over det som vert lagt fram. Kva, korleis og kvifor. Karakteren vert fastsett etter ei heilskapleg vurdering av det arbeidet som eleven utfører på eksamensdagen.</p> <p>Eksamensrettleiing med kjenneteikn på måloppnåing finn du her: https://www.vigoiks.no/eksamen/eksamensveiledninger/</p>

Du vel sjølv om du arbeider som:

- Apotekteknikar
- Tannhelsesekretær
- Helsesekretær
- Portør

Skriv kva for eit yrke du har valt.

Oppgåve 1

Du har fått ansvaret for nytilsette på arbeidsplassen din når det gjeld opplæring i hygiene.

- a) Gjer greie for korleis du førebyggjer smitte på arbeidsplassen din.
- b) Forklar forskjellen på desinfeksjon og sterilisering, og vis til situasjonar der det er aktuelt å bruke desse metodane.
- c) Sett ut ifrå eit samfunnsmessig perspektiv, kva for konsekvensar kan dårleg hygiene på arbeidsplassen din føre til?

Oppgåve 2

I dag møter du ein kunde/pasient, Kari Nilsen, som har opplevd eit hjarteinfarkt for nokre veker sidan. Kari har aldri vore glad i å vere fysisk aktiv. Ho har ein stressande jobb og lite overskot til å lage sunn mat. Ho slutta å røyke for nokre år sidan, men brukar snus i staden. Ho har fått beskjed frå fastlegen sin om å endre levevanane og livsstilen sin.

- a) Forklar kva hjarteinfarkt er for noko og korleis det kan oppstå.
- b) Gjer greie for kva slags levevanar og livsstilendringar du ville ha lagt vekt på når det gjeld Kari sin livssituasjon. Utdjup og forklar fagleg.

Oppgåve 3

På arbeidsplassen din legg de vekt på helsefremjande og førebyggjande arbeid med tanke på belastningslidingar og ergonomi.

- a) Forklar kva dette inneber for yrket ditt.
- b) Sett i eit individuelt og samfunnsmessig perspektiv, kva for konsekvensar får mangelfullt HMS-arbeid for deg og arbeidsplassen din?

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Kandidaten viser faglige kunnskaper, ferdigheter og holdninger i arbeidet i henhold til kompetansemålet i yrket kandidaten har valgt. Kandidaten skal begrunne og reflektere over det som legges fram. Hva, hvordan og hvorfor. Karakteren fastsettes etter en helhetlig vurdering av arbeidet eleven utfører på eksamensdagen.</p> <p>Eksamensveiledning med kjennetegn på måloppnåelse finner du her: https://www.vigoiks.no/eksamen/eksamensveiledninger/</p>

Du velger selv om du arbeider som:

- Apotektekniker
- Tannhelsesekretær
- Helsesekretær
- Portør

Oppgi hvilket yrke du har valgt.

Oppgave 1

Du har fått ansvaret for nyansatte på din arbeidsplass når det gjelder opplæring i hygiene.

- a) Gjør rede for hvordan du forebygger smitte på din arbeidsplass.
- b) Forklar forskjellen på desinfeksjon og sterilisering, og vis til situasjoner der det er aktuelt å bruke disse metodene.
- c) Sett ut ifra et samfunnsmessig perspektiv, hvilke konsekvenser kan dårlig hygiene på din arbeidsplass føre til?

Oppgave 2

I dag møter du en kunde/pasient, Kari Nilsen, som har opplevd et hjerteinfarkt for noen uker siden. Kari har aldri vært glad i å være fysisk aktiv. Hun har en stressende jobb og lite overskudd til å lage sunn mat. Hun sluttet å røyke for noen år tilbake, men bruker snus i stedet. Hun har fått beskjed fra sin fastlege om å endre sine levevaner og livsstil.

- a) Forklar hva hjerteinfarkt er og hvordan det kan oppstå.
- b) Gjør rede for hvilke levevaner og livsstilsendringer du ville ha lagt vekt på når det gjelder Kari sin situasjon. Utdyp og forklar faglig.

Oppgave 3

På arbeidsplassen din legger dere vekt på helsefremmende og forebyggende arbeid med tanke på belastningslidelser og ergonomi.

- a) Forklar hva dette innebærer for ditt yrke.
- b) Sett i et individuelt og samfunnsmessig perspektiv, hvilke konsekvenser får mangelfullt HMS-arbeid for deg og din arbeidsplass?



www.vigoiks.no/eksamen